



DEN NORSKE KYRKJA

Bjørgvin bispedøme

Kyrkjevalet 2027

Ei kort innføring – teamsmøte/webinar 17. september 26

Tema i dag

- Kort oversyn over kyrkjevalet
- Faser og fristar
- Nominasjon og nominasjonskomitear
- Storleik på sokneråd, felles sokneråd og samanslåing av sokneråd
- Digitalt val - kva medfører dette for fellesråda?
- Kommunikasjon i nominasjonsfasen
- Val til kyrkjemøtet og bispedømeråd - kva må soknet og fellesrådet bidra med?
- Spørsmål og svar



For de som er nye

- Kyrkjevalet er Den norske kyrkja sitt demokratiske val.
- Det blir valt samtidig til to val:
 - sokneråd i kvart sokn
 - bispedømeråd regionalt – som utgjer Kyrkjemøtet nasjonalt
- Alle medlemmer som fyller 15 år i valåret har røysterett.
- Alle medlemmer over 18 år har plikt til å ta imot val, men me spør først, og fritak er mogleg.
- Ein blir manntalsført i soknet ein er registrert i per 30. juni.

Nytt i år

- Valet blir gjennomført digitalt, med høve til digital røysting ved personleg frammøte.
- Valperiode: **10. august – 13. september 2027**. Ikkje ein valdag (valting)
- Nye fristar:
 - Innlevering av lister: 15. april 2027
 - Soknerådet skal ha behandla listeforslaga: 30. april 2027
 - Supplerande nominasjon blir kunngjord: 30. april 2027
 - Frist for supplerande nominasjon: 18. mai 2027
 - 1. juni skal alt vere klart og registrert i valmodulen
- Krav til presentasjon av kandidatar: namn, fødselsår, stilling, bustad, Bør òg innehalde: utdanning, yrke, relevante verv, bilete, kva kandidatane vil arbeide for

Digitalt val



Digitalt val

- Digital røysting er ikkje lenger berre førehandsrøysting – i 2027 er det måten ein røystar på gjennom heile valperioden.
- Valet er ope frå 10. august kl. 09.00 til 13. september kl. 23.59
- Veljaren loggar inn i det digitale valssystemet med BankID og får opp dei vala han eller ho har røysterett ved
- Veljaren vel røystesetel og kan gi personrøyster i systemet
- Det er mogleg å røyste fleire gonger – den siste røysta tel
- Røysta blir kryptert, og ingen skal kunne sjå kva den enkelte har røysta

Røysting ved frammøte: kva må fellestrådet gjere?

- Bestemme når og kvar det skal vere mogleg å røyste ved frammøte
- Involvere sokneråda før tid og stad blir fastsette
- Tilby minst to timar røysting ved frammøte per veke i valperioden
- Registrere tid og stad i KirkevalgAdmin innan 1. juni
- Sørgje for eigna og tilgjengeleg stad og praktisk gjennomføring
- Veljarar som ikkje kan logge inn på vanleg måte, skal kunne få hjelp til alternativ innlogging

KirkevalgAdmin

- Nytt valadministrativt system for planlegging og gjennomføring av kyrkjevalet 2027
- Her skal de mellom anna registrere vallister og kandidatar og tid og stad for røysting ved frammøte
- Systemet skal gi støtte og rettleiing undervegs, slik at det blir tydeleg kva som må gjerast og når

Kven har ansvar for kva

Soknerådet

- førebur og gjennomfører val i soknet
- oppnemner nominasjonskomité
- behandlar og godkjenner listeforslag
- godkjenner valoppgjer (digitalt) og protokollfører

Kyrkjeleg fellesråd

- støttar soknerådet med råd og rettleiing
- ansvar for røysting ved frammøte minst to timar per veke i valperioden
- fastset tid og stad for vallokale i dialog med sokneråda
- sørgjer for god og einskapleg informasjon

Valrådet i bispedømet

- Støttar med råd og rettleiing til SR/FR
- har ansvar for val til bispedømeråd og Kyrkjemøtet
- godkjenner lister på bispedømenivå
- kommuniserer om kyrkjeval saman med SR/FR



Samarbeid og ansvar



Soknerådet sine hovudoppgåver i kyrkjevalet

- Oppnemne nominasjonskomité (minst tre medlemmer) – uavh. av soknerådet
- Ta imot og kontrollere listeforslag. Frist: 15. april 2027
- Godkjenne eller forkaste listeforslag.
- Ansvar for supplerande nominasjon. Kunngjering 30. april, frist innan 18. mai, godkjenning/forkasting innan 21. mai.
- Kunngjere listene så snart dei er godkjende. Informasjonen må vere klar og registrert i KirkevalgAdmin før 1. juni. Den vil bli synleg på kyrkjevalet.no 2. juni.
- Sørgje for presentasjon av kandidatane i juni 2027 (nettsider, sosiale medium, evt. kyrkjeblad, plakatar)
- Godkjenne valoppgjeret og informere dei valde i september 2027.

Kor stort skal soknerådet vera?

- Sokneråd kan ha **4, 6, 8 eller 10** valde medlemer.
- Det må samtidig veljast:
 - minst 3, 4 eller 5 varamedlemer (avhengig av storleik)
- Medlemstalet blir fastsett før valet og gjeld for heile perioden.

«Endring av tallet på de medlemmer som skal velges, må være vedtatt i menighetsmøtet før fristen for å levere listeforslag».

Kirkeordning § 9

Felles sokneråd

- Sokn kan gå saman i felles sokneråd.
- Eit felles sokneråd representerer to eller fleire sokn.
- Kvart sokn er eigen valkrins ved val.

Etablering

- Skal skje ved starten av valperioden
- Krev fråsegn frå soknemøta
- Må godkjennast av bispedømerådet **seinast** mars 2027 (minst 14 dagar før fristen for å levera listeforslag til valet som er 15. april).

Slå saman sokn

- Samanslåing av sokn blir vedteken av bispedømerådet.
- Soknemøta skal uttale seg.
- Val skal gjennomførast i den strukturen som gjeld i valåret.
- Kan skje frå 1. januar 27 (altså før kyrkjevalet) – må opp i bispedømerådet seinast november 26
- Kan skje frå 1. januar 28 – må opp i bispedømerådet våren 2027.
Valet blir gjennomført separat for dei gamle sokna, og det nye rådet blir sett saman av representantar frå dei gamle sokna frå 1. jan. 28.

Spørsmål?



Arbeidet med kyrkjevalet er delt inn i fire faser

- Førebu lister og kandidatar (no – 15. april)
- Planlegg valet (16. april – 1. juni)
- Gjennomfør valet (10. august – 13. september)
- Avslutt valet (frå 14. september)

Nominasjonsarbeidet



Nominasjonsarbeidet i soknet

1. Soknerådet
oppnemner
nominasjonskomite

2.
Nominasjonskomiteen
etterlyser kandidatar

3.
Nominasjonskomiteen
leverer liste til
soknerådet innan
15.april

4. Soknerådet
godkjenner lista innan
30.april

5. Soknerådet utlyser
supplerande
nominasjon

6. Frist supplerande
nominasjon 18.mai

7. Soknerådet
godkjenner endeleg
liste så fort som råd,
seinast 1.juni.

Nominasjonskomiteen sitt ansvar

- Minst tre medlemmer
- Arbeider sjølvstendig og uavhengig av soknerådet
- Rekrutterer og spør kandidatar
- Oppfyller krava til lista: 40/40/20 (kv/m/under 30 år)
- Utarbeider og prioriterer kandidatlista
- Hentar inn nødvendige opplysningar og samtykke
- Listeforslag frå nominasjonskomiteen ved val til sokneråd skal berre skrivast under av nominasjonskomiteen. (Nytt i år)

Prinsipp og krav

- Brei representasjon når det gjeld kjønn, alder, geografi og bakgrunn
- Særskilt merksemd på kandidatar under 30 år – minst 20 %
- Soknerådet kan **ikkje** endre komiteen sitt forslag
- Soknerådet kontrollerer berre at lista oppfyller regelverket

Viktig

- Nominasjonskomiteen har fullt ansvar for kandidatar og rekkjefølgja på lista. Soknerådet kan ikkje endre rekkjefølgja.
- Soknerådsmedlemer kan òg vere medlemer i nominasjonskomiteen.
- Supplerande nominasjon skal lysast ut så lenge det berre er ei liste. Eit forslag til kandidat ved supplerande nom. skal vera underskrive av fem forslagsstillarar med stemmerett i soknet.
- **Kort oppsummert:** Soknerådet oppnemner komiteen og kontrollerer regelverket. Nominasjonskomiteen eig nominasjonsarbeidet og kandidatlista.

Kommunikasjon i nominasjonsfasen

- Det er laga ein artikkel til bruk i kyrkjeblad og nettsider. Den kan gjerast kortare og ta med lokale opplysningar
- Snakk opp soknerådsarbeidet. Intervjua eit medlem eller to.
- [Kommunikasjon i kirkevalget - Ressursbanken, Den norske kirke](#)

Fire lister til bispedømerådsvalet

Dette er listene som er aktive no. I teorien kan dette endra seg

- Bønnelista
 - Frimodig kyrkje
 - Nominasjonskomiteens liste
 - Open folkekyrkje
-
- Sokneråda kan foreslå kandidatar

Tre nominasjonskomitear til bispedømevalet

For medlemer

- Valrådet, i samarbeid med prosten, har ansvar for å kalle inn leiar eller medlem frå alle sokneråd i prostiet til valmøte.

For prestar

- Valrådet skal kalle inn til valmøte i kvart prosti. Dette skjer på prestesamlingane i samarbeid med prosten.

For (andre) kyrkjeleg tilsette

- Valrådet skal kalle inn til eitt eller fleire valmøte i kvart prosti. Her må ein samarbeide med kyrkjeverjene.

Spørsmål?



Snakk om valet!

- I stab og råd
- Blant frivillige
- Framsnakk virkar!
- Vi kan vera stolte over kyrkjedemokratiet



I ressursbanken.no finn du svar på det meste

Meny



Kirkevalget 2027

Kirkevalget gjennomføres høsten 2027. Allerede nå kan det være lurt å gjøre seg kjent med hva som skal skje og hvordan arbeidet er lagt opp. Denne siden viser deg hvordan du forbereder deg.

Publisert 15.05.2026 **Oppdatert** 15.09.2026

Slik er kirkevalget bygget opp

Arbeidet med kirkevalget er delt inn i fire faser:

- Forbered lister og kandidater (januar – 15. april)
- Planlegg valget (16. april – 1. juni)
- Gjennomfør valget (10. august – 13. september)
- Avslutt valget (fra 14. september)

Det er selvfølgelig mulig å starte arbeidet med lister og kandidater før januar 2027, gjerne allerede høsten 2026.



DEN NORSKE KYRKJA

Ta kontakt om de har spørsmål

jm532@kyrkja.no